



Hordaland Fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Bergen, 24. sept. 2016

**NSB**  
Postboks 1800 Sentrum  
0048 Oslo  
T (+47) 23 62 00 00  
Org. Nr.: 984 661 177

**Saksnr:**  
16/1336

**Deres ref:**  
[Sett inn ref]

**Henvendelse til:**  
Henning Lirhus

## Nedlegging av billettkontora på Voss, Finse og Geilo stasjonar

Syner til brev datert 15.09 2016 angående nedlegging av billettkontora på Voss, Finse og Geilo stasjonar.

Stadig fleire billetter blir kjøpt via digitale kanalar og gjennom eit fleirårig og grundig arbeid, basert på endringar i dei reisande sitt kjøpsmønster, er talet på betjente billettsal i NSB redusert. Derfor er det frå 1. oktober 2016 ikkje lenger betjente billettsal på Voss, Finse og Geilo. Det er no fem betjente billettsal i NSB. Disse er i Bergen, Stavanger, Trondheim, Oslo S og Oslo Lufthavn.

### **Sikkerheita blir ivaretatt**

Sikkerheit og beredskap er vektlagt når NSB legg ned dei betjente billettsala. NSB sitt ansvar på Bergensbanen er tilknytt toga, som har fått opp gradert utstyr om bord, samt at dei som jobbar i toga har god opplæring i å handtera utfordrande situasjonar.

Vidare er det Jernbaneverket som har ansvar for sikkerheit knytt til stasjonsområdet, samt for å informere kundar på stasjonen. Jernbaneverket har gode beredskapsrutinar som ikkje blir endra ved at NSB ikkje har eit betjent billettsal.

Når det gjeld Finse har Jernbaneverket blant anna inngått ein avtale med Finse 1222 om innlosjering og forpleining i ein mogeleg krise- og beredskapssituasjon. Dei har stasjonert ein eigen snøkoordinator på Finse, det er stasjonert mannskap som jobbar med snø rydding på dei andre større stasjonane både aust og vest for fjellet, samt at nød etatane og Røde kors også har ordningar knytt til Finse.

Me er også kjent med at Jernbaneverket vil setja opp ein monitor på Finse som viser togtider og eventuelle forseinkingar, samt at Telia jobba for å bedra mobildekninga i området.

### **Reiseliv**

Det blir også synt til Reiseliv, som er et nytt satsingsområde for NSB-konsernet. Dette er endå i ein startfase, og det pågår no viktig arbeid med å staka ut vegen for ei framtidig satsing på nasjonalt og internasjonalt reiseliv og turisme. Her ønskjer me å samarbeida med reiselivsaktørar rundt om i Norge. NSB har allereie gjennomført og planlagt fleire møter med aktørar på Geilo, Voss og Finse.

### **NSB i endring**

Jernbanereforma fører til at NSB i framtida blir reindyrka som tog operatør som skal konkurrere om å vinna anbod. NSB-konsernet vil ikkje lenger eiga stasjonar, og sal og billettering blir skilt ut frå NSB og blir eit eige selskap eigd av Samferdselsdepartementet. Billettsal på stasjonar vil ikkje være ei framtidig oppgåve for NSB.



**Framtida for Voss , Geilo og Finse**

Me opplever at det er eit positivt og konstruktivt engasjement frå dei ulike aktørane og nærmiljøa og er trygge på at det vil komme løysningar som gir eit godt og trygt tilbod til dei reisande også i framtida.

Syner også til svarbrev frå NSB sendt til ordførarane frå Voss, Ulvik og Hol den 09.09.2016

Helsing

**Henning Lirhus**

Sals- og marknadsansvarleg, NSB Persontog, Region Vest  
E: [henning.lirhus@nsb.no](mailto:henning.lirhus@nsb.no)